



# Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Den 5. mai 2014

NVE,  
Konsesjonsavdelinga,

Sendast kun elektronisk til; [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## **Høyringsfråsegn – sju småkraftverk i Jølster og Gloppen**

Vi klarde ikkje å få våre merknader ferdige før nokre få dagar over fristen, men vonar likevel at NVE kan ta dei med i sine vurderingar.

### **Samla verknader av kraftutbygging i området**

I Jølststravassdraget er nesten alle sideelvane som har vatn nok til å drive eit lønsamt kraftverk, utbygge eller dei har fått konsesjon. Det same gjeld i Breimsvassdraget. Det er òg gjeve løyve eller søkt konsesjon i fleire vassdrag på sørsida av Gløppefjorden. Øvrebø og Kupekraft er planar om inngrep lenger oppe i elvar som frå før har kraftverk i dei nedre delane. Også Paulen og Neselva (Kandalen) er utbyggingar i tillegg til eksisterande kraftverk. Helgheim, Driva og Åmot er søknader som gjeld sidevassdrag som enno renn fritt. NVE kjenner situasjonen, og vi treng ikkje nemne alle verka som er i drift eller har løyve til å setje i gang.

### Føre var-prinsippet

Vurderingane som skal gjere greie for konsekvensane for plante- og dyrelivet, og i nokre tilfelle landskap og allmenne interesser, er gjennomgåande prega av synfaringar på ein dag eller to, og elles opplysningar som er å finne i ulike databasar. Forfattarane vedgår ofte at kunnskapsgrunnlaget for konklusjonane er usikkert. Svaret er gjerne at potensialet for raudlista artar er lite. Det kan hende dette er sant, men det er usikkert. Dermed vert konklusjonane om små eller moderate konsekvensar etter vår oppfatning i strid med føre var-

prinsippet etter § 9 i naturmangfaldlova (nml.). Dette må i særleg grad gjelde ved vurderingane av dei siste inngrepa av eit omfang som held på å bli totalt, så stort som det fysisk er rennande vatn til. Sjølv om risikoen for vesentleg skade på naturmangfaldet (nml. § 9, 1. punktum) kanskje ikkje er stor ved kvar einskild utbygging, må det vere bortimot opplagt at risikoen er stor når talet på utnytta elvestrekningar frå før er stort, i Jølster minst 35 (medrekna Kjosnesfjorden kraftverk), og når det først og fremst er ein naturtype som er ettertrakta – fossar og bratte vassfall.

Dette tilseier etter vår oppfatning ei strengare vurdering av dei siste søknadene i eit område enn dei første. Dersom det hadde komme ein plan om ei utbygging med eit omfang som tilsvarer Jølsterpakken i lag med dei søknadene som tidlegare er godkjende, ville dette ha vore eit så altomfemnande prosjekt at det likna meir på dei som var aktuelle i 1960-åra enn dei som kunne fått godkjenning i dag.

#### Forvaltningsmåla for naturtypar og artar

Konsekvensvurderingane legg stor vekt på raudlista artar, og forfattarane skriv som regel sine konklusjonar om små eller middels konsekvensar for biologisk mangfald med det som haldepunkt at raudlista artar finst ikkje dersom dei ikkje er oppdaga. I tillegg til mangelen ved at kunnskapsgrunnlaget er dårleg, meiner vi at det ikkje er i samsvar med nml. når forfattarane legg avgjerande vekt på om ein naturtype er raudlista eller ikkje.

Nml. § 4 har som mål å ta vare på at ”naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfold og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype”. Nml. § 3, bokstav j) definerer naturtype som einsarta natur som femnar om alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der. Det er likevel ikkje mogeleg å avgrense naturtypar på same måten som i den taksonomiske avgrensinga av artar. Naturtypar er ikkje naturlege einingar som vi kan finne att i naturen og avgrense med klare figurar (Artsdatabanken 2011. Norsk rødliste for naturtyper, side 25). Naturtypane endrar seg frå stad til stad; to tilsynelatande like område inneheld ikkje dei same artane (ibid, s. 25).

Også for artar er målet å sikre at dei finst i levedyktige stammar i sine naturlege leveområde (nml. § 5). Dette målet gjeld altså alle artane som naturleg høyrer heime i området (ikkje framande organismar).

Det går fram av konsekvensutgreiinga at kunnskapen om artane er mangelfull. Dette er eit gjennomgåande trekk i dei fleste sakene som gjeld småkraftverk. Når så mange elvar i Jølstravassdraget og Breimsvassdraget alt er utnytta, talar dette for å gje føre var-prinsippet større tyngd under vurdering av dei siste søknadene enn dei tidlegare. Det vil seie at nokre

biotopar må få vere uforstyrta, for å halde nede risikoen for å komme i konflikt med forvaltningsmålet for artar og naturtypar.

Opplysningane om samla påkjenning i vassdragsnaturen i Jølster og Breim er svært mangelfull. Dette dreg i same retning som konklusjonen ovanfor.

### **Åmot kraftverk**

Den mektige fossen ovanfor Høyset er godt synleg og eit vakkert innslag i landskapet ved ein mykje brukt inngang til Jostedalsbreen nasjonalpark, særleg til Haugabreen og Snønipa. Etter vår oppfatning er friluftslivet som brukarinteresse undervurdert i søknaden. Vårskiturar frå påske og utover har eit relativt stort omfang. Skuleklassar i Jølster nyttar Haugabreen til undervisning i friluftsliv og naturkunnskap. Samanlikna med ei naturleg vassføring på 6-7 kbm/s på ettersommaren, vil den planlagde minstevassføringa på 500 l/s nærast vere å rekne som turrlegging i det meste av den aktuelle turperioden.

Naturvernforbundet meiner å ha dekning for at utbyggingsområdet har stor verdi for friluftslivet, og at dei negative konsekvensane av å gjennomføre utbyggingsplanen også vil vere store.

Sjølv om ikkje fosseengene ovanfor Høyset er av dei største, er dette ein naturtype som er i sum sterkt påverka av mange kraftutbyggingar. Naturtypen er eit særtrekk for Noreg, som tilseier at vårt land har eit internasjonalt ansvar for å hindre store skadar. I Sør-Noreg må dette i hovudsak komme til syne på Vestlandet. Artsinventaret varierer frå stad til stad, og det er difor ikkje nok å ta vare på nokre få av dei mest velutvikla lokalitetane.

Orkideen brudespore er registrert i beitemarka ovanfor Høyset. Dersom dette skulle dreie seg om praktbrudespore (*Gymnadenia conopsea densiflora*) er det ei sårbar art (VU) i Sogn og Fjordane (Raudlista 2011). Vidare er det truleg at strandsnipe (nær truga) og fossefall hekkar langs elva. Det har stått i mange konsekvensutgreiingar til prosjekt som har fått konsesjon, og det er usikkert om opplysningane lenger er korrekte. Igjen er dette eit døme på realitetar som taler for å vere svært restriktiv med å tildele nye utbyggingsløyve.

### Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går sterkt i mot å gje konsesjon til Åmot kraftverk. Dette er eit av dei siste av større sideelvar til Breimsvassdraget som renn fritt. Rimelege omsyn til både naturverdiane og friluftslivet taler for å la elva renne som ho gjer.

## **Driva kraftverk**

Denne utbygginga vil starte så nær Jostedalssjøen nasjonalpark at vi meiner det i seg sjølv tilseier nei til søknaden, ut frå det generelle målet i dei fleste land vi kjenner til; å vere varsame med inngrep i randsonene til nasjonalparkar. Også her går planen ut på ein reduksjon av vassføringa som får preg av turrlegging i vekstsesongen av ei nå relativt stor elv. Det går i dag ein veg køyrande med bil opp til Haugastøylen, og området er ikkje inngrepsfritt. Den aktuelle strekninga for inngrepet ligg likevel i eit landskap som er dominert av uforstyrta natur, i eit nasjonalt viktig friluftsområde. Elva er ein mektig del av inntrykket. Framstillinga i planen av inntaksdammen som eit positivt element, oppfattar vi nærmast som spekulativt. Det same gjeld ideen om informasjonstilbod ved kraftstasjonen.

Også her går planen ut på å redusere eller fjerne livsgrunnlaget for strandsnipe og fossefall, som truleg hekkar ved elva. To prioriterte naturtypar er å finne på strekninga: bekkekløft og bergvegg med innslag av fosseeng, og naturbeitemark. I lys av det faktum at svært lite naturleg elvenatur er igjen i Jølster, meiner vi at konsekvensvurderinga liten- middels negativ konsekvens for biologisk mangfald er misvisande. Vi meiner at stor eller middels stor-negativ konsekvens vil vere eit meir dekkjande uttrykk. Dette meiner vi vil vere i tråd med føre var-prinsippet når realiteten er at kunnskapen om kva som går tapt på grunn av tidlegare utbyggingar er usikker.

## Konklusjon

Av omsyn til verdien av området for det enkle og nasjonalt prioriterte friluftslivet, og lovfesta omsyn til biologisk mangfald, rår Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane sterkt i frå å gje konsesjon til Driva kraftverk. Den restvassføringa som må til her for å ha ein reelt avbøtande effekt, må vere så stor at prosjektet neppe er økonomisk gjennomførleg.

## **Kupekraft**

Planen går ut på å regulere Stegsvatnet, inne i landskapsvernområdet, innanfor den naturlege variasjonen i vasstanden. Prosjektet inneber eit stort tap av villmarksprega INON, 13,25 km<sup>2</sup>. Tilløpsrøyret skal ligge i jord og fjell vest for turstien opp frå Legestøylen. Men i den planlagde traseen er det lite lausmassar, og det vil – trur vi – ta lang tid før naturleg vegetasjon igjen dekkjer inngrepet. Når det skal vere igjen ein varig traktorveg opp til inntaket, vil landskapet alltid ha preg av å vere endra. Den naturlege vassføringa i elva er svært vekslende, men vil etter planen bli redusert til nær konstant turrlegging.

Opninga i verneføresegna til å regulere Stegsvatnet er ikkje noko førehandssignal om løyve til å byggje kraftverk. Planen inneber synlege installasjonar inne i landskapsvernområdet, og dei vil etter vår oppfatning krevje dispensasjon frå vernereglane. Om dette er mogeleg, må NVE få avklara før vedtaket dersom NVE vurderer å gje konsesjon til utbygginga.

Vipe, fiskemåke og strandsnipe (alle nær truga) er, etter opplysningane i fagrapporten, dei viktigaste artane som tilseier omsyn i denne saka. I tillegg meiner vi at når fossefall truleg hekkar langs elva, må det ha vekt i summen av negative konsekvensar, som for biologisk mangfald er sett til liten-middels.

Ovanfor vegen og granskogen ved Legestøylen har vi å gjere med ein open og beiteprega dal, som er mykje nytta til turar, både sommar og seinvinter. Den rasutsette stien langs Stegsvatnet er nyleg sett i betre stand på ein enkel måte. Utbygginga vil endre dalen til å vere eit område med negative inngrep, ikkje minst fordi vatnet i den fossande elva vert nesten borte. Eit så stort tap av INON som det her er snakk om, i eit landskapsvernområde som er verna for å ta vare på eigenarta og vakker natur, bør ikkje komme på tale utan at det gjeld viktige samfunnsinteresser. Om inntaket vert direkte i Stegsvatnet, eller det andre alternativet, endrar ikkje dette.

Også i denne saka må det ha vekt i konsesjonsspørsmålet at utbygginga vil utnytte ei av dei siste strekningane som er igjen med ei fossande elv som har relativt stor og vekslande vassføring. I det aktuelle distriktet er det lite igjen av denne naturtypen, som før småkraftbølga var eit vanleg innslag i landskapa. Sjølv om vernereglane ikkje formelt er til hinder for å gjennomføre planen, meiner vi det talar sakleg i mot søknaden at inngrepet går inn i landskapsvernområdet, og elles reduserer den lite påverka naturen relativt mykje. For dei mindre vanlege artane det gjeld, må det telje mot planen at dei snart ikkje har igjen frittrennande elvestrekningar under og like over tregrensa i Jølster.

### Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går klart i mot å gje konsesjon til Kupekraft kraftverk. Det bør vere ein rimeleg balanse mellom omsynet til landskapet og allmenne interesser, og det som fallrettseigarane kan hente ut av vassdraget, som alt leverer ein del kraft i den nedre delen.

Dersom NVE vurderer å gje konsesjon, bør inntaket komme lenger nede i elva, utan inngrep i landskapsvernområdet. Dersom minstevassføringa skal ha nokon biologisk verdi,

og dempe inntrykket av inngrepet, må restvassføringa etter vår oppfatning vere minst 10 gonger større enn søknaden går ut på, og i tillegg med ein merkande flaumvariasjon.

### **Øvrebø kraftverk, Helgheim kraftverk, Paulen kraftverk og Neselva kraftverk**

Naturvernforbundet har ikkje hatt høve til å vurdere mykje av desse planane innan tidsfristen. Vi registrerer at Helgheim kraftverk er planlagt med inntak av Stølselva i ei djup bekkekløft. Dette inntaket gjev marginalt tillegg i produksjonen, og vi rår til å ikkje godkjenne denne delen av planen.

Paulen kraftverk vil vere negativt for fleire prioriterte naturtypar og også raudlista artar, mellom anna hubro. Dette er eit vassdrag som alt nå er sterkt utnytta til kraftproduksjon. Ein rimeleg balanse mellom motstridande interesser og verdier tilseier at søknaden ikkje vert godkjend. Det same gjeld Neselva II kraftverk.

### **Samla vurdering og konklusjon**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går sterkt i mot å gje konsesjon til Driva kraftverk og Åmot kraftverk i Stardalen, og Kupekraft kraftverk i Årdalen. I desse sakene meiner vi at dei kjende og påreknlege konsekvensane for fossenaturen, landskapet og friluftslivet er for store.

I tillegg gjeld det for alle prosjekta i Jølsterpakken at vassfalla i distriktet frå før er utnytta i så stor grad at tolegrensa er passert. Dette talar for å legge avgjerande vekt på reglane i nml. om omsynet til samla påkjenning, som vi meiner alt nå er større enn forsvarleg. I same retning talar forvaltningsprinsippa i nml. §§ 8 og 9. Det er snakk om utnytte dei siste restane av frittrennande elvar i distriktet. Kunnskapsgrunnlaget og konsekvensane for den levande naturen er delvis usikre. Førre var-regelen tilseier då eit svært restriktivt utgangspunkt for konsesjonsvurderingane.

Dersom spørsmålet er om ei støtte restvassføring enn søknadene går ut på, kan ha avbøtande verknad, er det vårt syn at i så fall må mengdene vere så store at kraftverka neppe kan dekkje investeringane økonomisk.

Noreg har som mål å auke utvinninga av fornyeleg elektrisitet. Realiteten er likevel at kraftoverskotet er stort, og det ser ut til å vere veksande. Konsekvensane er fallande kraftprisar og økonomiske vanskar for mange nyare vasskraftverk. Dette er ikkje eit politisk mål. Sjølv om dei økonomiske sidene i dag er eit ansvar for søkjarane, må det etter vår oppfatning vere rom for at NVE tek omsyn til den kraftkrisa som held på å utvikle seg på grunn av overskot av straum på nettet.

Med helsing

Lin Hjelmeland Finjord

- Sign -

Fylkessekretær i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane